



Høgskulen  
på Vestlandet


## O-7/23 - Oppfølging av styresak 53/22 Budsjett for 2023

*«Det er i 2023 naudsynt å starte eit arbeid med omstilling for å sikre god utnytting av eit trangare handlingsrom i åra som kjem»*

---

Styremøte 2.2.2023

Rektor



### Kunnskap som byggjer menneske og samfunn

Strategi 2023 - 2030. Samfunnet treng forskningsbasert kunnskap og kompetanse for å forstå og løye samfunnsutfordringar. Vi har særleg merksemeld på berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon. Tilgjengeleghet, høg kvalitet og internasjonalt samarbeid i forsking og utdanning er sentralt for å løye samfunnsutfordringane.

# Styresak 53/22: Fram til 2026 vil driftsutgiftene auka meir enn driftsinntektene og vi vil ha negative avsettingar

Avsetningene reduseres raskt, og viser et behov for effektivisering og omstilling for å tilpasse driften til de økonomiske betingelsene for å ikke komme i en situasjon der HVL har permanent høyere kostnader enn inntekter.

Tabell 6: Overordnet prognose for 2022-2026

	Resultat 2021	Prognose 2022	Prognose 2023	Prognose 2024	Prognose 2025	Prognose 2026
Inntekter frå KD-tildeling	2 185	2 243	2 284	2 340	2 397	2 459
Andre inntekter	273	310	320	331	341	352
<i>Sum driftsinntekter</i>	<b>2 459</b>	<b>2 553</b>	<b>2 604</b>	<b>2 670</b>	<b>2 738</b>	<b>2 811</b>
Lønn	1 559	1 666	1 719	1 736	1 752	1 771
Andre driftskostnader	389	523	548	574	601	629
Husleie	376	383	406	416	427	437
Avskrivninger	60	73	75	75	80	85
<i>Sum driftskostnader</i>	<b>2 384</b>	<b>2 645</b>	<b>2 748</b>	<b>2 801</b>	<b>2 859</b>	<b>2 922</b>
<i>Driftsresultat</i>	<b>75</b>	<b>-92</b>	<b>-143</b>	<b>-130</b>	<b>-122</b>	<b>-111</b>
Avsetninger	404	312	169	39	-83	-194
<i>Lønnsgrad (% av tildeling)</i>	63 %	65 %	66 %	65 %	64 %	63 %
<i>Driftsmargin (mill. kr)</i>	524	504	479	518	559	603

## Frå saksframlegget

- › *Uten utsikt til nye studieplasser i framtiden, nedgang i studentpopulasjon, og stadig strammere rammer i sektoren, er det helt nødvendig at arbeid med konkrete planer og tiltak for omstilling kommer i gang i 2023.*
- › *Det er viktig at alle enheter, både fakultetene og fellesadministrasjon starter konkrete omstillingsprosesser for å innrette aktivitetsnivået til budsjetttramme i framtiden.*

# Protokoll

## 53/22-B Budsjett for 2023

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret 2019-2023	24.11.2022	53/22-B

Helge Skugstad presenterte saka.

Framlegg til intern budsjettfordeling for HVL er gjort ut frå regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Endeleg vedtak om statsbudsjettet blir fatta i Stortinget før jul, og HVL får tildelingsbrevet normalt rundt 20. desember og styret gjer endeleg budsjettvedtak i mars 2023. Då vert det også lagt fram rekneskap for 2022, og årsoppgjersdisposisjonar med vidareføringar av eventuelle meir- eller mindreforbruk ved einingane. Det er i 2023 naudsynt å starte eit arbeid med omstilling for å sikre god utnyting av eit trøngare handlingsrom i åra som kjem.

HVL sin budsjettfordelingsmodell må vurderast for revisjon i samanheng med ny nasjonal inntektsmodell.

Styreleiar gav signal om at det kan, i lys av erfaringane sidan fusjonen og noverande økonomiske situasjon, vere hensiktsmessig å sjå nærmare på Høgskulen sin fakultetsstruktur.

Styret bad om å bli orientert om korleis fakulteta tilpassar seg budsjettammene, inkludert ei eksplisitt vurdering av føreslått fjerning av *dei flate tildelingane*. Etter kommentarar i møtet presiserte rektor at om ein i førebuinga av saka hadde sett at det kunne vere aktuelt med oppseilingar, så ville dette ha vorte lagt fram for styret.

### Vedtak

1. Styret vedtek fordeling av HVL si budsjetttramme frå KD for 2023 slik styresak 53/22-B viser. Dette gjeld fakultetsrammer, administrative støttefunksjonar, institusjonskostnadjar og øyremerka midlar til fakulteta. Endeleg tildelingsbrev frå KD kan gi endra føringar og tildelingar. Fakulteta vil i tillegg til denne budsjettamma ha eksterne inntekter.
2. Styret gir rektor fullmakt til å fordele midlar innan dei spesifiserte innsatsområda til konkrete tiltak/områder slik det går frem av saka.
3. Budsjettammene skal nyttast i tråd med tildelingsbrevet frå KD, utviklingsavtale med KD, rektors føringsbrev til einingar og fakultet, HVL og fakulteta sin strategiske plan og årsplanar for 2023. Universitetsplanen står her sterkt.
4. Styret vedtek investeringsplanen slik den ligg føre i vedlegg 2.

Styret gir rektor fullmakt til å prioritere og iverksette investeringstiltak i tråd med investeringsplanen på fellesområdet og til å endre planlagt år for gjennomføring av tiltaka innanfor totalramma til planen.

# Bakteppe

## Eigarforventningar

- Tilpasse fagleg verksemd til samfunnsmessige endringar og behov
- Strammare økonomiske rammevilkår

## Styreprotokollen sak 53/22

- «*Det er i 2023 naudsynt å starte eit arbeid med omstilling for å sikre god utnytting av eit trongare handlingsrom i åra som kjem*»

## Rektor si vurdering

- Rektor vil i 2023 arbeida med ulike strukturelle og strategisk retningsgivande tiltak for å følgja opp styret sine drøftingar og vedtak i sak 53/22, for å tilpasse drifta/kostnadene til reduserte økonomiske rammer.
- Planlagde tiltak må koma i gang tidleg i 2023, og ved ei slik igangsetjing kan vi både føregripa og tilpassa for eit venta lågare bemanningsbehov, og nå dei høge måla som er sette for vidare utvikling av HVL
- Rektor vil vera tydeleg på at ei tilpassing av drifta til reduserte økonomiske rammer vil innebere at vi på sikt vil måtte redusere talet årsverk innanfor ulike delar av verksemda.

# Omstillingstiltak i 2023

Fire tiltak det vil bli arbeida særskilt med i 2023:

- Auke dei eksterne inntektene
- Vidareutvikla ei berekraftig studieportefølje
- Ein kritisk gjennomgang av organisering og dimensjonering av dei samla faglege, administrative og driftsmessige støttefunksjonane
- Ei vurdering av om ein integrasjon av FØS og FIN kan styrke den faglege og økonomiske berekrafta for fagmiljøa i dei to fakulteta

# Eksterne inntekter

---

- › Med dei økonomiske styringssignalene som sektoren får no, vil dei eksterne inntektene bli svært viktig for å påverke handlingsrommet både når det gjeld forsking, utvikling, innovasjon og utdanning
- › Varsla endringar i:
  - › Noregs forskingsråd sine tildelingar
  - › Eigenbetaling av utdanning
- › Fokus på oppfølging av nye rammeverk for eksternfinansiering, og i større grad sjå eksternfinansiert utdanning i samanheng med utviklinga i eigenfinansiert utdanning
- › Mål om auka dei eksterne inntektene, samstundes som det vil krevje ekstra innsats og oppretthalde dagens nivå
- › Universitetsfond for finansiering av forsking, utvikling og innovasjon

# Vidareutvikle ei berekraftig studieportefølje

---

- › Utsynsmeldinga som KD legg fram i april 2023 er venta å gi tydelege signal om at universitet og høgskular må omprioritere ressursar, bygge opp/ned fagmiljø og endre studieporteføljane framover.
- › Konkret: Utfasing av tildelte og finansierte «coronaplassar» og inndragning av midlar knytt til «utdanningsløftet» i 2024-2026 (80 mill kr)
  - › Korleis skal HVL ta dette nedtrekket?
- › HVL ha behov for felles overordna prinsipp og føringar knytt til ei strategisk styring av studieporteføljen. Dette arbeidet er sett i gang og det blir lagt fram sak i styret i juni 2023 knytt til styringsprinsipp.
- › I tillegg: Kvart av fakulteta har hatt og har ulike problemstillingar knytt til strategisk utvikling av studieporteføljen og ressursprioritering. Det er allereie gjort strukturelle grep i porteføljen etter fusjonen, og det er mange tiltak og prosessar som er under arbeid. Dekanane vil fortsette dette arbeidet.

# Vidareutvikle ei berekraftig studieportefølje

---

- › Arbeidet er avgrensa til å gjelde studieplassar i den eigenfinansierte studieporteføljen, og det er organisert i tre arbeidspakkar:
  1. Overordna prinsipp for strategisk utvikling av studieporteføljen
  2. Revisjon av modell for styring av studieporteføljen (SEFØ-modellen)
  3. Økonomisk berekraft: Korleis vi kan utvikle ei økonomisk berekraftig studieportefølje?
- ✓ Tillitsvalde vert informert om, og involvert i arbeidet
- ✓ HVL sitt utdanningsutval vil ha strategisk styring av studieporteføljen som tema på alle møta vår 2023

# Fagleg, administrativ og driftsmessig støtte

---

- › Dei samla faglege, administrative og driftsmessige støttefunksjonane må vurderast både når det gjeld organisering, dimensjonering av stillingsressursar og driftskostnader.
  - › Med dei reduserte rammene sektoren er førespeglia dei nærmaste åra vil dette måtte medføre redusert tal tilsette i høve til dagens nivå.
- 
- › Rektor utarbeider mandat med mål og framdriftsplan for dette arbeidet med sikte på oppstart mars/april 2023
  - › Tillitsvalde vert informert om, og involvert i arbeidet
- 
- › Dette arbeidet vil ha eit framtidsretta fokus knytt til prioriteringar innanfor trongare rammer.

# Fagleg organisering – fakultetsstruktur

---

- › HVL må også vurdere om vi har ein tenleg fagleg organisering for å møte det samla utfordringsbilde som blir teikna for sektoren framover.
- › Rektor ønskjer å gjennomføre eit avgrensa og fokusert arbeid for å få vurdert om ein integrasjon av Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) og Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) kan styrke den faglege og økonomiske berekrafta for fagmiljø og administrasjon i dei to fakulteta.
- › Denne avgrensinga er vald fordi:
  - › FIN og FØS har eit tydeleg fagleg interessefellesskap innan teknologi, berekraft, økonomi og samfunn.
  - › Desse fakulteta har høg relevans for nærings-, arbeids- og samfunnsliv, og har ei tydeleg innretting mot kompetansebehov i ein konkurranseutsett marknad.
  - › Omskiftet i næringane gjer det tenleg å vurdere om vi i dag er organisert på måtar som gir grunnlag for god ressursbruk, vitskapleg og administrativt, i møte med denne dynamikken.

# Fagleg organisering – fakultetsstruktur

---

- › Rektor vil gjera vurderingar kring om ei større integrert eining kan sikre og auke kapasitet, handlingsrom og gi synergiar på viktige fag- og samfunnsområde innan forsking, utvikling, innovasjon og utdanning.
  - › Dei organisatoriske og økonomiske sidene blir ein del av vurderinga.
  - › Hovuddelen av vurderingsarbeidet vil bli gjennomført våren 2023, med tanke på eventuell implementering frå 1.1.24.
- 
- › Rektor opprettar ei prosjektgruppe som legg grunnlaget for rektor si samla vurdering og innstilling til styret.
  - › Styret vil få ei sak i møte 7.-8. mars med rektor si vurdering av grunnlaget for å gå vidare med arbeidet med å utgreie eitt integrert fakultet bygd på FØS og FIN
- 
- › Prosjektet har ikkje som føremål å vurdere reduksjonar i talet tilsette i dei to fakulteta, og prosjektet og ein eventuell integrasjon av dei to fakulteta vil ikkje gje grunnlag for oppseiringar av tilsette.



Inkludere – Utfordre – Samhandle

# Prosjektmandat fase 1: Vurdering av integrasjon av FØS og FIN

- > Effektmål fase 1:
  - > Prosjektet skal i fase 1 gi eit kunnskapsgrunnlag for rektor si vurdering til styret 7.-8. mars om ein skal gå vidare til fase 2 i arbeidet med å utgreie eitt integrert fakultet bygd på FØS og FIN.
  - > Oversende vurdering til prosjekteigar og rektor innan 27.2.
- > Resultatmål fase 1:
- > Med bakgrunn i tilgjengelege data, ei godt samansett prosjektgruppe og i samsvar med nyleg vedtekne verdiar – utarbeide ei VURDERING som
  - Gir ei samla tilråding av kor vidt ei alternativ fakultetsorganisering kjem vesentlege mål som fagleg relevans og berekraft, samt tryggare fakultetsøkonomi betre i møte.
  - Vurderinga skal tydeleggjere potensielle positive effektar og negative konsekvensar for:
    - Fagleg aktivitet
    - Organisasjon og leiing
    - Arbeidsmiljø
    - Økonomi

# Nærmare om arbeidet fase 2 og 3

- Fase 2 FØREBUING, føresett at styret er positiv til å gå vidare med endringsalternativet, leverer:
  - Framlegg til rektor for sak i styret om ny fakultets- og instituttstruktur, som grunnlag for forhandling med hovudtillitsvalde og eventuell vedtakssak i styremøtet 27.april
  - Omtale av grensesnitt mot dei tre andre tiltaksområda (eksterne inntekter, studieportefølje og fagleg, administrativ og driftsmessig støtte )
  - Opplegg for samkøyring av ny leiargruppe
  - Framlegg til rådsstruktur og budsjett 1.10.23.
- Undervegsrapportering til organisasjonsdirektør kvar veke. Prosjektrapport til rektor månadleg.
- Fase 3 er eventuelt iverksetting frå 1.1.24
  - Oppfølging i eigen evalueringsprosess. Det vil vere naturleg med ein første rapport til styret i samband med budsjettsak 2025.

# Prosjektorganisasjon – fase 1

---

- › Rektor er oppdragsgjevar
- › Prosjektgruppe i fase 1
  - › Prosjekteigar organisasjonsdirektør Tage Båtsvik
  - › Prosjektleiar Wiggo Hustad, OUD
  - › 3 representantar frå kvart fakultet
  - › 1 tillitsvalde FØS og 1 tillitsvald FIN
  - › Fakultetsverneomboda FØS og FIN
  - › Prosjektressursar:
    - › Verksemdstyring/rektors stab Kirsten Bakken
    - › Kommunikasjon Svein Ove Eikenes
    - › Prosjektgruppa kan bli supplert med adm. kapasitet.

## FØS:

- Torbjørn Roloff Heyerdahl
- Johanne Marie Trovåg
- Tone Merete Brekke
- Lars Leer (tillitsvald)
- Johnny Nordahl Berentzen  
(verneombod)

## FIN:

- Jens Kristian Fosse
- Øyvind Midtbø Berge
- Kristin Fanebust Hetland
- Jan Ove Rogde Mjånes (tillitsvald)
- Hilde Kløften Duesund  
(verneombod)

## Medverknad i det vidare prosjektarbeidet

---

- › Prosjektmandatet blir drøfta med hovudtillitsvalde i morgen 3.2
- › Representant for ID-møtet i dei to fakulteta og dei to fakultetsverneomboda er med i prosjektgruppa som skal gjennomføre fase 1.
- › Dekanane vil finne ein tenleg måte å involvere sine leiargrupper og tillitsvalde parallelt med arbeidet i prosjektgruppa.
- › Rektor fremjar sak til styret den 7.-8.mars, basert på prosjektgruppa sin rapport, med si vurdering av om ein skal gå vidare til fase 2.
  - › Hovudtillitsvalde og hovudverneombod får saka til drøfting på IDF-møtet i forkant av styremøtet
- › Dersom vi går vidare med fase 2 vil vi ta ei ny vurdering av organiseringa av dette arbeidet.
- › Slik planen ser ut no vil det då bli jobba fram eit avgjerslegrunnlag til styremøtet 27.4. Eit eventuelt vedtak av ny fakultets- og instituttstruktur må då forhandlast med hovudtillitsvalde før det vert handsama i styret.
- › I tillegg vil det vere naturleg å finne gode løysingar for involvering og medverknad frå tilsette og tillitsvalde i dei to fakulteta i fase 2.





Svar på spørsmål

# Brev frå hovudtillitsvalde til styret

---

- › Hovedtillitsvalgte meiner at prosessen ikkje er handtert i tråd med Hovedavtalen i staten (HA), §17. Det er vist til at ein har venta for lenge med å involvere dei tillitsvalde, og at prosessen ikkje er drøfta med de tillitsvalde.
- › Av HA § 17 punkt 1 følgjer det at «Arbeidsgiver plikter å gi de tillitsvalgte som kommer inn under denne avtalen informasjon om de saker som er nevnt i §§ 18 og 19 nedenfor».
- › HA § 17 punkt 2 legg til grunn at «Arbeidsgiver skal uoppfordret gi informasjon på et så tidlig tidspunkt som mulig under administrasjonens behandling av sakene, slik at de ansattes muligheter til medbestemmelse blir reell i de forskjellige faser av behandlingen».
- › Interne organisasjonsendringar er ei forhandlingssak etter HA § 19 nummer 1 bokstav a, og er difor ei sak arbeidsgivar skal informere om

- 
- › Toppleiinga (TL) i HVL diskuterte i desember 2022 oppfølging av styresak Budsjett 2023. Det vart her diskutert mogelege tiltak som oppfølging av styreprotokoll. Ei vurdering av ein mogeleg integrasjon mellom fakulteta FIN og FØS vart diskutert som eit av fleire aktuelle tiltak.
  - › Rektor orienterte TL den 3.1 at han ønskte å gå vidare med ei slik vurdering, og det vart lagt ein plan for informasjon om dette. Rektor vurderte at det var viktig å informere leiarar og tilsette ved fakulteta så tidleg som mogeleg. Leiargruppene i FIN og FØS vart informert 5.1 og 9.1, og det vart kalla inn til informasjonsmøte for tilsette i dei to fakulteta 12.1. Hovudtillitsvalde ble informert 10.1.
  - › Fram til no er det informert om at det vil bli starta eit vurderingsarbeid. Tilsatte, tillitsvalde og verneombud er vidare orientert om og gitt høve til å gje innspill til eit prosjektmandat for en slik vurdering.
  - › Vi ser at dei hovedtillitsvalde kunne vore informert skriftlig i forkant av møtet den 10.1. Men det har likevel gått kort tid fra diskusjonen i TL, og rektor si avgjerd om å gå vidare med ei slik vurdering, til hovedtillitsvalgte vart informert.
  - › Vurderinga er difor at arbeidsgivar har gitt tillitsvalde informasjon tidleg i prosessen, i tråd med hovudavtalen § 17. punkt 2